

FORSKRIFT OM TØMMING AV AVLØPSANLEGG OG BETALING AV GEBYR VOSS HERAD

Gjeldande frå: 04.05.2023
Vedteke av Voss heradsstyre 04.05.2023

Heimel:
Forskrift i medhald av *Lov av 13.03.1981 nr 6 om vern mot forurensning og om avfall* med seinare endringar.

Innhald

§ 1.	Føremål	2
§ 2.	Verkeområde	2
§ 3.	Definisjonar	2
§ 4.	Tvungen slamtømmeordning	2
§ 5.	Abonnementen sitt ansvar	3
§ 6.	Voss herad sitt ansvar	4
§ 7.	Tømmefrekvens	4
§ 8.	Utkopling av avløpsanlegg	4
§ 9.	Fastsetjing og betaling av gebyr	5
§ 10.	Utrekning av gebyr	5
§ 11.	Innkrevjing	5
§ 12.	Endring i abonnement	5
§ 13.	Klage	6
§ 14.	Straff	6

§ 1. Føremål

Forskrifta har som føremål å sikra miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling av slam frå avløpsanlegg i Voss herad.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld:

- a) Tømming, transport og handsaming av slam frå avløpsanlegg som ikkje er knytt til kommunalt avløpsnett, der kommunen er forureiningsmynde.
- b) Tømming, transport og handsaming av slam frå avløpsanlegg som er knytt til kommunalt avløpsnett.
- c) Tømming av tette oppsamlingstankar med ubehandla sanitært avløpsvatn og avløpsslam.

Alle eigedomar der det er slike avløpsanlegg skal vera med i den kommunale ordninga for slamtømming, og betala gebyr.

Oljeutskiljarar, feittutskiljarar og oppsamlingstankar for industrielt avløpsvatn eller liknande ikkje-sanitært avløpsvatn er ikkje omfatta av denne forskrifta.

§ 3. Definisjonar

Avløpsanlegg: Anlegg for handtering av avløpsvatn. Gjeld slamavskiljar/septiktank, tett tank, reinseanlegg, minireinseanlegg, gråvassanlegg og svartvassanlegg.

Slamavskiljar/septiktank: Tank med eitt eller fleire kammer for utskiljing av slam frå avløpsvatn.

Tett tank: Tett oppsamlingstank for avløp.

Minireinseanlegg: Reinseanlegg for både svartvatn og gråvatn.

Svartvatn: Avløpsvatn frå toalett.

Gråvatn: Den delen av avløpsvatnet frå vanleg hushald som kjem frå kjøkken, bad og vaskerom. Svartvatn er ikkje inkludert.

Avløpsslam: Fast stoff frå avløpsanlegg.

Tørrslam: Slam som er tørkebehandla (høg tørrstoffprosent).

Abonnet: Eigiar av eigedom som inngår i slamtømmeordning er ansvarleg for abonnementet. Festar av eigedom som er bortfesta for 30 år eller meir og festar som har rett til å få festet forlenga slik at samla lengd av festet vert 30 år, vert rekna som abonnent (jf. *Forurensingsloven § 34*).

§ 4. Tvungen slamtømmeordning

Voss herad er ansvarleg for tømming, transport og handsaming av slam frå avløpsanlegg omfatta av denne forskrifta.

Kommunen kan etter søknad i einskildtilfelle frita eigedomar frå ordninga.

All slamtømming skal utførast av den renovatøren Voss herad har kontrakt med.

§ 5. Abonnementen sitt ansvar

Ved varsel om tømning er det abonnenten sitt ansvar at anlegg som skal tømmast er lett tilgjengeleg for tømning. Overdekking av kumlokk o.l. med snø, is, jord, stein eller anna, skal vera fjerna.

Den som tømmer anlegget har rett til å plassera naudsynt utstyr på tankeigar sin eigedom for å få utført tømninga.

Alle avløpsanlegg skal vera forsvarleg sikra. Spesielt tunge og uhandterlege lokk samt dårlege lokk, kan krevjast utskifta. Kommunen kan skifta ut skadde/manglande kumlokk på eige initiativ. Heradet kan påleggja tilleggsgebyr for dette.

Det er tankeigar sitt ansvar å gjera merksam på behov for tømning utanom fastsett tømmeffrekvens.

For nye avløpsanlegg som skal inn i den kommunale slamtømmeordninga, gjeld følgjande tilleggskrav:

Tilkomstvegen til avløpsanlegget som skal tømmast, skal minst tilfredstille krav i vegklasse 7 -traktorveg med unntak av krav om aksellast, stigning og vegbredde:

	Ved bruk av ordinær slamtømmebil	Ved bruk av liten slamtømmebil	Ved bruk av landbrukstraktor med tankvogn
Tole aksellast på minimum	8 tonn	6 tonn	4 tonn
Ha vegbredde på minst	3,5m	3m	2,6m
Ha ei stigning som normalt ikkje overstig	12%	18%	18%
Ved kortare strekningar inntil 60m lengd kan stigninga aukast til	15%	-	-
Ha fri høgd på minst	4m	4m	4m
Ha eigna snuplass for slamtømming	ja	ja	ja
Ha ein kurvatur som er eigna for køyretøyet for slamtømming	ja	ja	ja
Ha ein horisontal avstand til anlegget på maks	70m	70m	70m
Ha ein vertikal avstand til botn av anlegget på maks	7m	7m	7m

Abonnementen må syte for vedlikehald av tilkomstveg for tilstrekkeleg standard for det køyretøyet heradet har valgt for slamtømming. Tilkomstveg kan ikkje oppgraderast utan løyve frå Voss herad.

Ved bruk av traktorveg må søknad om utsleppsløyve innehalde ein skriftleg avtale med renovatør og grunneigar der renovatør har gjort ei vurdering på om vegen er i slik stand at tømning av avløpsanlegg kan føregå. Entreprenør må i kvart einskilt tilfelle vurderer om vegen er køyrbar med omsyn til faren for ureining i terrenget.

Abonnementen er ansvarleg for betaling av gebyr.

§ 6. Voss herad sitt ansvar

Voss herad fastset tidspunkt for ordinær tømning jamfør fastlagde ruter. Tankeigar skal varslast om tømning i god tid før tømning skal utførast.

Tømning og avvatning skal utførast slik at abonnentane og naboar ikkje vert nemneverdig plaga av lukt og støy. Anlegget skal etterlatast av renovatør i lukka stand, og plassen skal vera reingjort for slamsøl.

Portar og grinder skal vera lukka.

Voss herad skal registrera abonnentar, samt fastsetja volum og tømmeffrekvens for slammanlegg.

Voss herad skal fastsetja og krevja inn avgift.

§ 7. Tømmefrekvens

Tømning av avløpsanlegg skal utførast:

- a) For eigedom med fast busetnad/heilårsbustad med toalett tilknytt avløpsanlegg (svartvatn):
Minst kvart 2. år.
- b) For eigedom med fast busetnad/heilårsbustad utan toalett tilknytt avløpsanlegg (gråvatn):
Minst kvart 4. år.
- c) For fritidsbustader: Minst kvart 4. år.
- d) For eigedom med tett tank: Ved behov, og minst kvart år.
- e) Minireinseanlegg skal tømmast i medhald av utsleppsløyve/serviceavtale, og minst kvart 4. år.
- f) Ved avløpsanlegg utstyrt med slamtørkar skal tømning av tørrslam gjerast av personell ved pålagt servicebesøk, i samsvar med gjeldande forskrift for godkjenning av anleggstypen.
- g) Kommunale og private felles slamavskiljarar e.l. for fleire bustadhus, bustadfelt, verksemder, industriområde og andre typar byggeområde eller tettstader skal tømmast i samsvar med tømmeffrekvens oppgitt i utsleppsløyvet/serviceavtalen. Minst kvart 2. år for bustadhus og minst kvart 4. år for fritidsbustader.

I særlege høve kan Voss herad fastsetja annan tømmeffrekvens.

§ 8. Utkopling av avløpsanlegg

Dersom slamavskiljar eller tett tank skal koplust ut, skal dette skje ved at avløpsleidningen blir ført utanom eller i tett tilstand gjennom slamavskiljaren.

Avløpsanlegget skal tømmast for slam/avløpsvatn, og fjernast eller sikrast (t.d. med oppfylling av massar).

Alle kostnader i samband med nedlegging av slamavskiljaren skal dekkjast av abonnenten.

§ 9. Fastsetjing og betaling av gebyr

I samsvar med § 34 i *Forurensningsloven* fastset Voss herad gebyr for slamtømming som skal dekkja alle utgifter heradet har i samband med ordninga, utan å gje overskot.

Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet, som kvart år vert fastsett av heradsstyret.

Gebyret kan krevjast inn i fleire terminar.

§ 10. Utrekning av gebyr

Gebyr for tømming av slam vert utrekna på bakgrunn av tømmefrekvens, jf. § 7, og storleiken på slamavskiljar/tank.

Voss herad kan påleggja tilleggsgebyr i tilfelle som gjeld

- at overdekking av kumlokk o.l. ikkje er fjerna, manglande tilkomst eller at anlegget på annan måte er hindra frå å bli tømt
- at heradet har skifta ut skadd/manglande kumlokk på eige initiativ
- ekstratømming utanom fastsett tømme tidspunkt
- at eksisterande tilkomstveg har ein horisontal avstand til avløpsanlegget på meir enn 70 m og/eller vertikal avstand til botn av anlegget på meir enn 7 m
- tilsyn/etterkontroll
- søknad om fritak
- minirensanlegg og slamavskiljar der reje kvatn ikkje skal tilbake til avløpsanlegget
- avløpsanlegg som skal slamtømmast med liten slamtømmebil
- avløpsanlegg som skal slamtømmast med landbrukstraktor med tankvogn
- ved funn av framandelement i tank som hindrar normal tømming av slamrenovatør

§ 11. Innkrevjing

Gebyr, renter og andre kostnader er sikra med legalpant i *Panteloven* § 6-1.

Eigaren/heimelshavaren er ansvarleg ved for sein betaling eller anna misleghald, men då etter at han har fått naudsynt varsling. Reglane i *Lov av 06.06 1975 nr. 29 om eiendomsskatt til kommunene* §§ 26 og 27 gjeld for renteplikt ved for sein betaling og for inndring av gebyr.

§ 12. Endring i abonnement

For mellombels fritak frå gebyret må det sendast inn skriftleg søknad. Fritak kan innvilgast for inntil to år av gongen.

Det kan ikkje gjevast dispensasjon frå ordninga eller betalingsplikta på grunnlag av at ordninga ikkje vert nytta, at ordninga er tungvint, vert sett på som unødvendig, eller av liknande årsaker.

§ 13. Klage

Vedtak som er fatta av heradet i medhald av denne forskrifta, kan klagast på etter *Forvaltningsloven* § 28.

Voss herad kjem med pålegg og gjer vedtak etter denne forskrifta. Vedtak som er gjort, kan klagast på i medhald av § 85 i *Forurensningsloven*, jf. *Forvaltningsloven*. Klage skal sendast til det organet som har gjort vedtaket. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, vert klagen sendt over til den offentlege instansen (klageorganet) som skal gjera endeleg vedtak.

§ 14. Straff

Den som ikkje overheld forskrifta, vert straffa med bøter etter *Forurensningsloven* § 79 andre ledd.